


HALD FOKUS!

Fokus på oppdraget!

(skjermbilder på imf.no/erik)

Lukas 24:44-49 «⁴⁴ Så sa han til dei: Dette er orda mine, som eg tala til dykk medan eg endå var hjå dykk, at det måtte oppfyllast alt det som er skrive om meg i Moselova og profetane og salmane. ⁴⁵ Då opna han for tankane deira, så dei kunne skjønna Skriftene. ⁴⁶ Og han sa til dei: Så står det skrive, at Messias måtte lida og stå opp att frå dei døde tredje dagen, ⁴⁷ og at **omvending og forlating for syndene skal forkynnast i hans namn for alle folkeslag, frå Jerusalem og vidare ut.** ⁴⁸ **De er vitne om dette.** ⁴⁹ Og sjå, eg sender over dykk det som Far min har lova. Men de skal halda dykk i byen til de vert kledde i kraft frå det høge».



Apg 2:37-38 «³⁷ Men då dei høyrde dette, stakk det dei i hjarta, og dei sa til Peter og dei andre apostlane: Kva skal vi gjera, brør? ³⁸ Peter sa til dei: Vend om, og lat dykk alle døypa på Jesu Kristi namn til forlating for syndene, så skal de få Den Heilage Ande i gåve».

Markus 16:15-18 «Han sa til dei: «Gå ut i all verda og forkynn evangeliet for alt som Gud har skapt! Den som trur og blir døypt, skal bli frelst. Men den som ikkje trur, skal bli fordømd. Og desse teikna skal følgja dei som trur: I mitt namn skal dei driva ut vonde ånder, dei skal tala nye tungemål, dei skal ta ormar i hendene, og om dei drikk dødeleg gift, skal det ikkje skada dei. Dei skal leggja hendene på sjuke så dei blir friske.»

Utsending av læresveinane:

Matteus 10:5ff «Desse tolv sende Jesus ut, og han baud dei: «Ta ikkje vegen til heidningane, og gå ikkje inn i nokon av samaritanbyane! Gå heller til dei bortkomne sauene i Israels hus. Gå og forkynn: 'Himmelriket er kome nær!' Læk sjuke, vekk opp døde, gjer spedalske reine og driv ut vonde ånder! Gjev som gåve det de fekk som gåve»

Lukas 9:6 «Så tok dei ut og drog omkring frå landsby til landsby og forkynte den gode budskapet (evangeliet) og lækte folk kvar dei kom»

Guds rike – Herren er konge:

2.Mos.15:18 «Herren er konge til evig tid»

Sal 29:10 “Herren trona då vassflaumen var, og Herren tronar som konge til evig tid”.

2.Tim.4:18 «Ja, Herren skal berga meg frå alt vondt og frelsa meg inn i sitt himmelske rike. Han vere ære i all æve! Amen».

Kongen blir «avsatt», 1.Samuel 8:7 «Men Herren sa til han: «Høyr på folket og alt dei seier til deg! For det er ikkje deg dei har vraka; det er meg dei har vraka og ikkje vil ha til konge over seg».

Eit framtidig, synleg rike på jord, med Jesus som Konge:

- «Held vi ut, skal vi òg herska i lag med han» **(2.Tim.2:12)**.
- «Det skal ikkje lenger finnast noko spedbarn som berre lever i få dagar, eller ein gammal mann som ikkje fyller målet for dagane sine. Nei, ein ung mann skal han vere som døyrt hundre år gammal, og hundre år gammal skal den syndaren verta som dei forbannar» **(Jesaja 65:20)**.
- «Ingen skal skada eller øydeleggja noko på heile mitt heilage fjell. For landet er fylt av kjennskap til Herren slik vatnet dekkjer havsens botn. Den dagen skal Isais rotskot stå som eit banner for folka. Folkeslaga skal søkja han, og hans bustad skal vera herleg» **(Jesaja 11:9-10)**
- «Mange folk og mektige folkeslag skal koma og søkja Herren over hærskarane i Jerusalem og be om velvilje for Herrens andlet. Så seier Herren over hærskarane: I dei dagane skal ti mann av alle språk og folkeslag gripa tak i kappefliken til ein judeisk mann og seia: «Lat oss få gå med dykk, for vi har høyrte at Gud er med dykk.» **(Sak.8:22-23)**.

Det endelege Gud Faders rike:

- «For liksom alle døyr på grunn av Adam, skal alle få liv ved Kristus. Men kvar til si tid: Kristus er førstegrøda, deretter følgjer dei som høyrer Kristus til, når han kjem. Så kjem enden, når han overgjev kongsmakta til Gud, sin Far, etter at han har utsletta all makt og alt herredøme og alt velde. For han skal vera konge til Gud har lagt alle fiendar under hans føter» **(1.Kor.15:22-25)**.
- «Då skal dei rettferdige skina som sola i sin Fars rike» **(Matt 13:43)**.

Eit «teikn» peikar på noko anna:

- **2.Mos.4:5** «Dette er for at dei skal tru at Herren, deira fedrars Gud, Abrahams Gud, Isaks Gud og Jakobs Gud, har synt seg for deg.»
- **1.Kong 17:24** «No veit eg at du er ein gudsmann, og at Herrens ord i din munn er sanning.»
- **1.Kong 18:36** «Herre, Abrahams, Isaks og Israels Gud! Lat det i dag bli kjent at du er Gud i Israel, at eg er tenaren din, og at det er på ditt ord eg har gjort alt dette»
- **Joh.3:2** «Rabbi, vi veit at du er ein lærar som er komen frå Gud, for ingen kan gjera dei teikna du gjer, utan at Gud er med han.»

Desse teikn skal følgje dei som trur?

- **1.Kor.12:29-30** «Er vel alle apostlar? Er alle profetar? Er alle lærarar? Gjer alle mektige gjerningar? Har alle nådegåver til å lækja? Talar alle i tunger? Kan alle tyda tungene?»
- Undergjerningar knytta til apostlane, **Apg.5:12,15-16** «Ved hendene til apostlane vart mange teikn og under gjorde i folket. (...) Dei bar til og med sjuke ut på gatene og la dei på senger og bårer, så i det minste skuggen av Peter kunne falla på nokre av dei når han gjekk framom. Også frå byane kring Jerusalem kom det folk i stort tal. Dei bar med seg sjuke og slike som var plaga av ureine ånder, og alle vart lækte».
- **2.Kor.12:12** «Dei teikna som er kjennemerke på ein apostel, har eg med stort tolmod gjort mellom dykk, både teikn, under og mektige gjerningar.»

1.Tess.2:13 «Difor takkar vi stadig Gud, for då de fekk overlevert det Guds ord som vi forkynte for dykk, tok de imot det – ikkje som menneskeord, men som det Guds ord det i sanning er».

Dr.Robert L.Saucy: «Faktum er at vi kan lese i Skrifta at teikn og under særleg følgjer dei som står i ei profetisk teneste under enkelte viktige vendepunkt i frelseshistoria. Vi ser det under Moses når Lova vart introdusert, vi ser det under Elias og Elisa når avgudsdyrkinga nådde sitt klimaks, og vi ser under Kristi gjerning når han proklamerte den gode budskapet om frelsa i han. Til og med under utbreiinga av dette nye evangeliet i den tidlege kyrkja, ser vi at teikn og under i Apostelgjerningane er relatert til enkelte vendepunkt idet Evangeliet gjekk ut frå Jerusalem til resten av verda, altså idet Evangeliet gjorde sitt inntog i eit nytt område».

Martin R. De Haan: *«Måtte vi ikkje vere ein generasjon som får eit teikn og ikkje trur det, eller ein generasjon som ønskjer eit teikn og ikkje treng det».*

- **Kva er lettast og mest behageleg å forkynne?**
- **Hald fokus! Forkynn heile Guds råd, søk dei åndelege gåvene, men forkynn til omvending og forlating for syndene.**